



Marknadsprisen

MEDIEHUSET SUNNHORDLAND

Flinke folk som vil bu og arbeide i lokalmiljøet, er føresetnaden for livskraftige lokalsamfunn. Gjennom magasinet «Heim igjen» gjer marknadsmedarbeidarane i Mediehuset Sunnhordland ein framifrå jobb for å skape interesse for spennande jobbar i regionen. Saman med Bømlo-nytt og Marsteinen, står lokalavisa bak eit flott, kreativt og nytenkande magasin som i fjor blei publisert på nett og papir. Avisa brukte også sosiale medier for å fremja magasinet og budskapet overfor unge nyutdanna og unge vaksne – ei målgruppe som kan vere vanskeleg å nå. Undervegs i arbeidet viste Sunnhordland seg godt fram på Bømlo næringsråd si tilstelling veslejulaftan for å selje inn satsinga på magasinet. Alt dette burde fleire lokalaviser gjere! Mediehuset Sunnhordland fortener heiderleg omtale i LLAs marknadspriskonkurranse 2024.

Juryen, Hamar, 16. mars 2024

Christian Thu

Martin Munthe-Kaas

Ola Nybakk

